

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Utsira

Emne: Bålbrenning på visse
dagar i året.

Bygdelag:

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik

Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eiga røynsle.

SVAR

1. Frå gamalt, so langt attēnde det folk minnest, har det jamnast vore sagt at ein brenn jonsokvete, men kanskje er ordet bål - jonsokbål mest brukt no, det kan ein med vissa ikkje fastslå. Båe dei nemningane er brukt, og kjenner ikkje til noko anna.
2. Andre dagar i året enn jonsokaftan, veit ein ikkje ~~xx~~ av det har vore brukt å brenna vete eller bål. Ved andre høve om ein dreg saman sumt rusk og rask og brenn for å kvitte seg med, segjer ein ikkje vete, då vert det at ein segjer bål. Det er i samband med jonsok at ordet vete vert brukt.
3. Ein kalla det eit bål, anten det er stort eller lite.
4. Har ikkje høyrd om det.
5. Ukjent.
6. Kjenner ikkje til det.
7. At sola dansa påskemorgonen, fekk ein jamt høyra om då ein var born, men ikkje noko om at dei brann bål i det høve.
8. Det var og er jonsokaftan, noko som med undtak krigs-åra har halde seg årviss. Bålbrenning andre tider i året er ukjent.
9. Har ikkje høyrd noko om det.
10. Ukjent.
11. Jonsokbålet vert tennt straks det er avdaga. På den tid av året, kring kl.23.
12. Det er vanleg meining at bålet - når rett skal vera, burde tennast midnatt, men det er jamnast so at både tilskiparar og andre med er spent på utfallet, ein har ikkje tolmod å venta so lenge, det vert jamnast tennt i tidligaste laget.

13. Alt som ein har å brenna vert reist opp og tennt på samstundes, Det vert ikkje lagd noko meir attåt etter at det er tennt, brennetida vert då etter som ein har brennsel frå fyrst av, men sams hug er det at bålet brenn lengst mogeleg.

14. Jonsokbål er vanleg å ha på ein haug som er godt synleg, ikkje minst er det av interesse at bålet ~~er~~ vert sedd inn på Karmøy og fastlandet ikring der, noko som og gjer sitt at dei same stader nyttast år etter år. I gamle dagar var fjelltoppen Klopp den mest vanlege, i seinare år Araseto der fyret står, som er høgste toppen på Öya.

15. Det er ikkje brukt å brenna bål noko anna tid på året, enn jonsokaftan - om kvelden.

16. Før var det vanleg ein hadde eit bål, men då var vaksen ungdom meir interesert i å laga det til, enn dei er no. No er det helst borna som steller med det, då kan det og høve til dei finn moro i å kappast - tevla i å få det styrste og gjevaste bålet, slik kan det sumtid bera til med både to og fleire bål samstundes, men dei held då til på kvar sin stad.

17. Det er på bergtoppane ein held til, og til høgare dess betre er det.

18. Det er fritt for kven som helst å vera med. Arrangörane ser si mon i ålmenn interesse, difor gjeld det og om for dei at arrangementet vert vellukka i eit stort og friskt bål. Noko organisert lag veit ein ikkje om har stade attom tilskipinga, det har vore og er etter som det høver at nokon tek seg av det. Som nemnt er det borna no som ~~tek~~ steller med det, og er det noko born likar å stelle med, er det just nettopp varme, det er som dei på ein måte veks - ser seg vaksne i å få rå over noko so ålvorleg som varme.

19. Kven som vil får vera med, men gifte kvinner og menn vert då jamnast i mindretal, det er borna som er dei rådande, både når det gjeld tal og rådvelde.

20. No er det helst born, før var det meir vaksen ungdom.

21. Ungdomslag eller noko anna lag, veit ein ikkje om har skipa til noko jonsokbål. Det vil segja tilskipa eller organiserte lag i eit eller anna.

22. Ukjent her.

23. Bålet byggjer ein opp på eit flatt berg som er fritt for jord, og mest vanleg emne ein har er gamle båtar - færingar som ein dreg heilskapa opp på bergtoppen.

Frankomen til berget - bålstaden, lyfter ein so færingen opp over ei kvass bergnibba og slår båten av tversover midskips. Ikkje alltid er dette gjort i fyrste lyfte, men ein gjev ikkje opp før at båten skild seg åt i to parter. Båtpartane reiser ein då opp med stemnene övst og imot kvarandre, slik vert då bålet vidast nede på berget og smalna gradvis av i ein spiss oppe. Etter at dette er gjort, pöser ein dugeleg med parafin på utsida båten og set eld på.

Gamle båtar som frå før av er vel innsmurd med tjörra, dette attåt all parafinen som no pöset på, gjev det ein hugar etter-, ein frisk og stor loge.

Grue av stein, lagar ein ikkje. Bålet byggjest opp på snaue flate berget, og er det sterk vind nyttar ein stager av tåg til å halda det oppe. Det gjeld då om å halda seg til luvard, for etter ei stutt tid brenn tåget av og bålet dett ned.

24. No då det helst er born som steller med det, vert det jamnast tomtöner, kassar og anna rask dei dreg saman og brenn. Båtar greider dei ikkje med.

Bruk av visse treslag har ein ikkje höyrd noko om.

25. Figurar i eit eller anna, har ein heller ikkje höyrd noko om.

26. Det har vore gamal skikk å ta båtane uloves til jonsokbål, noko som ikkje alle båtigarar har tykt serleg vel om. Det har no berre eingong - det ein veit - resultat i eit atterslag med bot og fullt vederlag. Det var i millomkrigsåra eingong at dette hende som fekk ei so tragisk ending.

Rett nok var det ein notbåt - båt pålag tretti fot - at det var ikkje å undrast over båtigararen vart arg av ei so frek åtferd.

Sumtid vert det og spurd om å få båten utan eller imot eit avtala vederlag. Sidan det på ein måte er tradisjon å ta sovore ein tykkjer er höveleg å brenne i jonsokbål, har det mest alltid jamna seg millom eigar og tjuvar.

27. Vert det betalt noko, legg ein det ut på laget som står i brodden for tiltaket.

- 4
28. Ein ser det ikkje med nokon rett å ta - Sjøa elles det som er nemnt framom under 26.
 29. Har ikkje høyrd om det.
 30. Ikkje det nei.
 31. Ingen fast regel om storleik eller skapnad på eit bål. Einast kan vera å få det bygd opp i ei dugeleg högd, slik at det vert godt synleg vida ikring.
 32. Til større ein kan få det, dess betre.
 33. Di større loge, dess gildare.
 34. Det er om å gjera at det ikkje ryk, røyken gjer logen mindre synleg.
 35. Det er truleg at borna tykkjer vel om sprutande gneistar, og det får ein til med å kasta parafin inn på flammen med ei flaska.
 36. Har ikkje høyrd om det.
 37. Heller ikkje det har ein høyrd noko om.
 38. Born kan av og til ha moro av å kasta brandar etter kvarandre - elles ikkje.
 39. Har ikkje høyrd noko om det.
 40. Det er ikkje brukt å ha noko fest i høve jonsok. Omframnt jonsokveten er det ikkje meir. Er no veret so laga det gjev ein mod på ein "svingom", tek ein det etter at bålet er utbrennt, er bålstaden ulagleg til det, vert det jamnast hovudvegen ein prøver skosolane på.
 41. Det har vore og er framleis so, at born og ungdom har styrste moroa i bålbrekking. Fritt er det for kven som helst, men det er likevel ikkje jamt eldre folk bryd seg vera tilstades, dei stikk heller oppå ei högd utom döra heime, der dei kan få ein glytt av tilburdnaden og minnst forne tider.
 42. Ein held seg ved bålet medan det brenn.
 43. Det er ikkje brukt å ha mat og drikk med, sume av borna har kanskje ein pakke kjeks og ei flaska brus med seg, elles ikkje. Sume av dei vaksne nyt kanskje og litt alkohol, men aldri noko overdrive - det ein veit.
 44. Dans ikring bålet er ikkje brukt. Det let seg i det heile ikkje gjerast, då bålet jamnast vert sett oppå ein bergtopp og terrenget elles ikring er kupert, vert bålstaden uhöveleg danseplan.
 45. Borna gjer det sumtid for å leika seg, men det er etter at bålet er utbrennt og berre nokre glör som ligg att. Borna tevlar og i om kven^{som} kan gå nerast bålet medan det logar og brenn.

- 5.
46. Sumtid gjer borna det.
47. Har ikkje høyrd om det.
48. Ikkje anna enn å markera at no ~~hæxx~~ har ein roke toppmålet av sumar og ljose dagar, etter denne dag vil dagane gradvis stuttast, og om det framleis er og vert sumar endå ei tid, kan ein venta hausten ~~xxxxxxxx~~ når det lid på.
49. Ein ser det berre som ei ~~moro~~ unge menneskja har å hugnast ved, elles finn ein det/i ^{ikkje} vanleg meining å målbera nokon oppgåve.
50. Skikken har i manns minne halde seg med det same.
51. Det at vaksne syner mindre interesse no enn för, kan ein ikkje finna grunngjeving for. Einast må vera at ungdomen vert tidligar vaksne no enn för, dei vert med andre ord "forvaksne" å vera med på noko dei tykkjer høver åt born å leika seg med - noko mannbert barnsleg.